

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 10.12.2014

**SAK 36/14
FORVALTNING, KAPASITET OG SAMARBEID INNAN LEGETENESTA I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

Som vedlegg følgjer:

- Forvaltningsrevisjon – Forvaltning, kapasitet og samarbeid innan legetenesta i Sykkylven kommune

Rapporten gjer innleiingsvis greie for bakgrunn, mandat, problemstillingar, metode, gjennomføring og revisjonskriterier. Rådmannen har hatt rapporten til høyring og gitt høyringssvar.

Problemstillingane som er nemnt i rapporten er desse:

1. Korleis blir rammeavtalen mellom KS og Den norske legeforening praktisert og etterlevd i Sykkylven kommune? I tilknyting til denne problemstillinga har ein sett på i kva grad avtalen blir etterlevd frå kommunen og fastlegane si side med tanke på samarbeid og styring av legetenestene i kommunen. Herunder korleis rammeavtalen er detaljert i dei individuelle avtalane.
2. Tilfredsstiller legekapasiteten i Sykkylven kommune lovpålagnede krav og nasjonale føringar til kommunen sine ulike helsetenester? Under denne problemstillinga vil ein ta for seg legebemannning i kommuneoverlegerolla, fastlegetenesta, sjukeheim og helsestasjon- og skulehelsetenesta.
3. Er det etablert samarbeidsrutinar mellom Sykkylven kommune si fastlegeteneste og dei andre delane av helsetenestene i kommunen i samsvar med lovpålagt plikt og nasjonale føringar? Problemstillinga har tatt utgangspunkt i kommunehelsetenesta si plikt til å utarbeide rutinar som legg opp til samarbeid med fastlegane/tilsynslegane i sjukeheim og kontrollere om det er etablert rutinar.

Det blir forøvrig vist til rapporten.

Rapporten tek opp fleire uheldige forhold der forbetrinigar synest vere nødvendig. Det blir i denne samanhengen vist til kapittel 6 som omhandlar konklusjonar og tilrådingar.

På bakgrunn av ovanståande innstiller kontrollutvalet overfor kommunestyret følgjande tiltak:

1. Fastsetje norm for talet på pasientar per lege som ligg på nivå med det som er vanleg elles i norske kommunar gjennom å senke listetaket i dei individuelle avtalane.
2. Opprette fleire fastlegeheimlar og etablere eit fastlegemiljø i tillegg til dei eksisterande.
3. Når det er etablert tilstrekkeleg kapasitet i fastlegetenestene, kan det vere grunnlag for å sjå nærmare på korleis organiseringa av legevakta skal vere.
4. Revurdere vedtaket knytt til etablering av eit eige tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp i Sykkylven kommune (ØHD-tilbod)
5. Gjennomgå oppgåver og ressursbruk til dei kommunale legeoppgåvene med sikte på rasjonalisering og omallokering.

Harald Rogne
dagleg leiar